



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/920-10

Sakshandsamar: John Kjell Lien

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	02.10.2024	83/24
Kommunestyre	15.10.2024	72/24

Tokke skule, utlysingstekst plan- og designkonkurranse

Saksframlegg godkjent 09.10.2024.

Arvid Moen

kommunalsjef teknisk

Vedlegg

- 1 Ref. AG 1 060524
- 2 Møtereferat 2 RG 1 180624
- 3 Møtereferat 1 frå RG1
- 4 Møterefart- uttale 20240527 RG2-OKI
- 5 Tilbakemelding frå sektor oppvekst
- 6 Fwd: Om forslag om eigen ungdomsskule
- 7 Ungdomsskole og barneskole
- 8 Uttale fra Lokallaget
- 9 Uttale frå Tokke skule angående ekstern ungdomsskule ved hallen
- 10 Uttale frå Tokke skule
- 11 Følggebrev til utkast utlysingstekst
- 12 Utkast til utlysningstekst
- 13 Tilleggsnotat om plan- og designkonkurranse Nynorsk

Bakgrunn for saka

Tokke formannskap har bestemt at det skal haldast ein plan- og designkonkurranse (arkitektkonkurranse) for utbetring av Tokke skule. Teksten i anbodsgrunnlaget skal godkjennast av formannskapet og kommunestyret før utsending.

Saksutgreiing

Ein plan- og designkonkurranse er ein konkurranse der ein ber om innspel frå arkitektar om korleis ei oppgåve kan løysast i samband med renovering eller nybygg av bygg.

Denne konkurransen blir gjennomført ved at Tokke kommune ber 5 arkitektfirma om å gje eit løysingsforslag til utbetring av Tokke skule. Som kriterium for val av innbedne arkitektfirma legg ein til grunn 3 kriterium:

- erfaring frå teikning av 1-10 skule.
- erfaring med å teikne samanliknbare skular i storleik.
- lokalisera ikkje så veldig langt vekk geografisk.

Utkastet til anbodsgrunnlaget er utforma på bakgrunn av det arbeidet som er gjort tidlegare i prosessen av arbeidsgruppa, referansegrupper og andre innspel frå tilsette på Tokke skule og i Tokke kommune. Føresetnadane er eit samandrag av moment som har kome fram i dette arbeidet.

I føringar i utlysingsteksten er det lagt inn setninga «Legge til rette for skilje mellom barneskule og ungdomsskule».

Den politiske handsaminga må avklare om dette skal inn i rammevilkåra (Skal gje dei ytre rammene på oppgåva, som arkitektane ikkje kan gå utanfor), føringar (ynskje av den fysiske bygningsmassen) eller om det skal takast ut.

Foreløpig vurdering frå arbeidsgruppa kring innspel frå interessentar på å ha eit separat bygg til ungdomsskulen er detta

Ulemper:

- Ein økt prosjektkostnad på 8-10 % på eit separat bygg.
- Minimum 20% dyre drift.
- Større avstandar for dei tilsette i arbeidskvardagen.
- Ein har i dag fleire lærarar som jobbar på tvers av steg.

Fordelar:

- Nytt fysisk miljø, som blir «utanfor» resten av barneskolen.

Den politiske handsaminga må avklare t.d. *oppretting av soner (fysiske områder) på skulen for små-, mellom- og ungdomsskulen. Er skilje av elevane godt nok, eller bør ein gå for separat bygning til ungdomsskulen?*

I fylgje forskrift om offentlege anskaffingar skal det vere ein jury til å velje vinnarar. Juryen skal velje ut 3 vinnarar i denne konkurransen som då gjeng vidare for behandling i arbeidsgruppa, referansegruppene, formannskapet og endeleg val av løysing og vedtak i kommunestyret. Etter dette blir det konkurranse om detaljprosjektering for utbetringa.

Det er naudsynt at deltakarane blir godtgjort i ein slik konkurranse. Det er mykje arbeid i å utarbeide gode skisser og materiale, slik at ein kan bruke det som eit godt vurderingsgrunnlag for utveljing av vinnarar.

I juryen er det krav til at 1/3 av medlemmene skal vere arkitektar..

Budsjett for plan- og designkonkurranse.

Godtgjering til arkitektfirma	kr. 150.000,- x 5	= 750.000,-
Kostnad utlysning av anbud inkl. mva		= 130.000,-
Sum	kr.	= 880.000,-

Teksten til anbudsgrunnlag som ligg ved saka, er sendt til høyring i referansegruppene. Deira høyringssvar/ innspel vil bli dela ut i møtet

Oppdaterte elevprognosane vil bli delt ut i møtet.

Konklusjon

For at ein skal få eit breitt grunnlag til å avgjere kva for løysing for utbetring av Tokke skule ein skal velje, held Tokke kommune ein plan- og designkonkurranse. Teksten i anbudsgrunnlaget er utforma i samsvar med konkurransereglar for offentlege anskaffingar.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune vedtek å lyse ut ein plan- og designkonkurranse for utbetring av Tokke skule, med utlysningsteksten som den ligg føre i saka med dei endringar som fylgjer av formannskapet si handsaming.

Finansierast gjennom det som er avsett til prosjekt i økonomiplanen.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre konkurransen innanfor den økonomiske ramma som er opplyst om i saka.

Formannskap si handsaming av sak 83/2024 i møtet den 02.10.2024

Røysting

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke

Vedtak

Tokke kommune vedtek å lyse ut ein plan- og designkonkurranse for utbetring av Tokke skule, med utlysingsteksten som den ligg føre i saka med dei endringar som fylgjer av formannskapet si handsaming.

Finansierast gjennom det som er avsett til prosjekt i økonomiplanen.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre konkurransen innanfor den økonomiske ramma som er opplyst om i saka.

Kommunestyre si handsaming av sak 72/2024 i møtet den 15.10.2024

Røysting

Framlegg frå SV, H og Ap:

Første punkt på føringer: Det skal legges til rette for et felles nybygg for 1-10 klasse, der det blir eit tydeleg skilje mellom barne- og ungdomstrinna med felles administrative funksjoner.

Framlegg frå Sp, KrF og MDG:

Grunngjeving:

Ein arkitektkonkurranse vil innebære at eit arkitektfirma kjem med teikningar til korleis Tokke skule bør opprusting/delvis nybygg saman med eit kostnadsestimat. Det viser seg ofte at det prosjektet som blir vald er vesentleg dyrare enn estimatet, når det blir prisa av ein entreprenør. I ein del utbyggingskontrakter er det vanleg at entreprenør og arkitekt går saman om å lage eit tilbod til opprusting/delvis nybygg med fast pris for arbeidet. Då har vi betre kontroll på kostnadene.

Vedtak:

Tokke kommunestyre ber administrasjonen kome tilbake med ei ny sak til kommunestyret med eit framlegg om ein konkurranse der entreprenør skal samarbeide med ein arkitekt. Dei som deltek i konkurransen skal kome med eit bindande tilbod for kva arbeidet vil koste.

Framlegg frå Sp, KrF og MDG vart vedteke med 12 mot 9 røyster.
Ap, SV, H, og UA røysta mot.

Framlegg frå Ap, SV og H vart forkasta med 12 mot 9 røyster.
Sp, KrF og MDG røysta mot.

Vedtak

Grunngjeving:

Ein arkitektkonkurranse vil innebære at eit arkitektfirma kjem med teikningar til korleis Tokke skule bør opprusting/delvis nybygg saman med eit kostnadsestimat. Det viser seg ofte at det prosjektet som blir vald er vesentleg dyrare enn estimatet, når det blir prisa av ein entreprenør. I ein del utbyggingskontrakter er det vanleg at entreprenør og arkitekt går saman om å lage eit tilbod til opprusting/delvis nybygg med fast pris for arbeidet. Då har vi betre kontroll på kostnadene.

Vedtak:

Tokke kommunestyre ber administrasjonen kome tilbake med ei ny sak til kommunestyret med eit framlegg om ein konkurranse der entreprenør skal samarbeide med ein arkitekt. Dei som deltek i konkurransen skal kome med eit bindande tilbod for kva arbeidet vil koste.
